

---

 Saksnr: 2020/58089-1  
 Saksbehandlar: Åge Avedal
 

---

**Saksgang**

| Utval  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 16.09.2020 |

**Tilskot til kulturbygg 2020**

Forslag til vedtak

- Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver tilskot til kulturbygg i Vestland. Til fordeling er:
  - 5 952 668 kr i spelemidlar via Kulturdepartementet
  - 140 000 kr i inndregne midlar frå Sogn og Fjordane 2019
  - 87 563 kr i rentemidlar frå Sogn og Fjordane 2019
  - 76 640 kr i midlar avsett til ev. klagehandsaming frå Sogn og Fjordane 2019
  - 35 000 kr i inndregne midlar frå Hordaland 2019
  - 104 078 kr i rentemidlar frå Hordaland 2019

Hovudutvalet vedtek å løyve totalt 6 288 000 kr i tilskot til kulturbygg i Vestland 2020 slik:

| Søkjjar                      | Kommune       | Pri | Tiltak   | Tildeling |
|------------------------------|---------------|-----|--|-----------|
| Alver kommune                | Alver         | 3   | Ny hall og skule tilrettelagt som lokalt kulturbygg          | Avslag    |
| Manger ungdomslag            | Alver         | 2   | Kjøkkentilbygg   | Avslag    |
| Ungdomslaget Varden          | Alver         | 1   | Rehabilitering av tak og etterisolere                        | 215 000   |
| Askvoll Samfunnshus          | Askvoll       | 2   | Vindaug og gesims  | Avslag    |
| Vidar Ungdomslag             | Askvoll       | 1   | Totalrehabilitering av sanitæranlegg og inngongsparti        | 174 000   |
| Askøy kommune                | Askøy         | 1   | Utescene   | Avslag    |
| Askøy kommune                | Askøy         | 2   | 3. etg i Strusshamn kultursenter                             | Avslag    |
| Kolbeinsvik vel              | Austevoll     | 1   | Tilbygg til eksisterande kulturarena                         | 500 000   |
| Stiftelsen Museum Vest       | Bergen        | 3   | BSJ bygg 2021: modernisering av Bergens Sjøfartsmuseums bygg | Avslag    |
| Salhushallen SA              | Bergen        | 2   | 6 tiltak på Salhushallen ved Salhushallen                    | 500 000   |
| Bjørnafjorden kommune        | Bjørnafjorden | 1   | kulturdel m/scene, lagerrom                                  | 500 000   |
| Eikelandsfjorden samfunnshus | Bjørnafjorden | 3   | Ombygging / fornying av vestibyle, gang                      | Avslag    |

|  |               |   |  |           |
|--|---------------|---|--|-----------|
| Lygrepollen<br>grendalag                       | Bjørnafjorden | 2 | Ombygging<br>toalett(handicap),skifte tak  | Avslag    |
| Svelgen<br>Samfunnshus                         | Bremanger     | 1 | Renovering av hovudtaket   | Avslag    |
| Moster Amfi - og<br>kyrkjehistoriske<br>senter | Bømlo         | 1 | 4 tiltak på Moster Amfi -<br>ombygging og modernisering av<br>kulturbygg ved Moster Amfi   | Avslag    |
| Sameiet<br>Breimshallen                        | Gloppen       | 1 | Kjøkken  | Avslag    |
| Hyen samfunnshus<br>SA                         | Gloppen       | 2 | Nytt ventilasjonsanlegg,<br>vannbåren varme, nytt<br>sikringskap, anretningsrom  | Avslag    |
| Høyanger<br>kommune                            | Høyanger      | 2 | Univversell tilkomst,<br>rehabilitering av tekniske anlegg   | Avslag    |
| Høyanger<br>kommune                            | Høyanger      | 1 | Søknad om tilskot til Gunnar S.<br>Galleri   | 500 000   |
| Reksta ungdomslag                              | Kinn          | 4 | Ombygging av utedo til toalett<br>med innlagt vatn. Isolere, ny<br>kledning, plater innvendig.<br>Rehabiliterer kjøkken og montere<br>nytt kjøkken.                    | Avslag    |
| Almenning<br>Grendalag                         | Kinn          | 3 | Bygge om eksisterende<br>garderobe/ dusj anlegg til HC-<br>toalett med universell utforming  | Avslag    |
| Vedvik Grendalag                               | Kinn          | 1 | Oppgradering av inngangsparti<br>og toalett/våtrom i grendahus   | 396 000   |
| Kinn kommune                                   | Kinn          | 5 | Eikefjord Kulturstove - Nybygg i<br>tilknytting til Eikefjord<br>Fleirbrukshall  | 500 000   |
| Stavøy grendelag                               | Kinn          | 2 | grendahus  | Avslag    |
| Holmatun Åtgaum                                | Kvam          | 1 | 2 tiltak på Øystese samfunnshus<br>ved Øystese Samfunnshus   | 150 000   |
| Lidarende<br>samfunnshus P/L                   | Kvam          | 2 | Byting av tak  | Avslag    |
| Mollandsmarki<br>grendalag                     | Luster        | 1 | Utbetring av toalettfasilitetane   | 54<br>000 |
| Sørheim grendalag                              | Luster        | 3 | 2 tiltak på Sørheim grendahus<br>ved Sørsida Skjolden - Kroken -<br>Ornes  | Avslag    |
| Jostedal<br>ungdomslag                         | Luster        | 4 | 2 tiltak på Dølaheimen ved<br>Dølaheimen ungdomshus  | Avslag    |
| Lærdal kommune                                 | Lærdal        | 1 | Oppgradering/ombygging av<br>kjøkken. Tilrettelegging for<br>handicap-tilkomst og bygging av<br>HC-toalett.  | Avslag    |
| Nordbygda<br>samfunnshus SA                    | Masfjorden    | 1 | Tak, toalett og kjøkken  | 425 000   |
| Valestrand<br>ungdomslag                       | Osterøy       | 1 | 2 tiltak på Samlingshuset<br>Kongshall ved Valestrand<br>ungdomshus  | 500 000   |
| Sogndal kommune                                | Sogndal       | 1 | Nytt kulturareal i Sogndal<br>kulturhus  | 750 000   |
| Gamle Innvik<br>Ullvarefabrikk                 | Stryn         | 1 | 2. etasje, tilrettelegging av<br>publikumsområde, oppfølging av<br>offentlege krav vedr. brannsikring<br>og universell tilkomst,<br>oppgradering av el-installasjonar. | Avslag    |

|                        |            |   |  |                  |
|------------------------|------------|---|--|------------------|
| Sunnfjord kommune      | Sunnfjord  | 6 | Universal utforming heis   | Avslag           |
| Sunnfjord kommune      | Sunnfjord  | 1 | Gaular kultur- og aktivitetshus. Rehabilitering utvendig og innvendig, skifting av vindu, installasjon av ventilasjonsanlegg   | 148 000          |
| Naustdal ungdomslag    | Sunnfjord  | 5 | Rehabilitering av utvendig tak+8 vindu   | Avslag           |
| Vårvon ungdomslag      | Sunnfjord  | 7 | Riving av ekst. tilbygg og oppføring av nytt.  | Avslag           |
| Bygstad Samfunnshus SA | Sunnfjord  | 3 | Bytte vindu kjeller - fasade vest  | Avslag           |
| Sunnfjord kommune      | Sunnfjord  | 4 | Gaular folkebibliotek: Hovudbiblioteket  | Avslag           |
| Førde Normisjon        | Sunnfjord  | 2 | Rehabilitering av toalettavdeling. Ombygging til bruk for funksjonshemma, universal utforming. Installering av varmepumpe m.m. | 253 000          |
| Ullensvang kommune     | Ullensvang | 3 | Kinsarvik heradshus skal byggast om/tilpassast bibliotek   | Avslag           |
| Ullensvang kommune     | Ullensvang | 2 | Bibliotek som del av fleirbrukshall  | Avslag           |
| Vaksdal kommune        | Vaksdal    | 2 | Bibliotek  | Avslag           |
| Vaksdal kommune        | Vaksdal    | 1 | Kultursal  | 500 000          |
| Grendahuset Ljosheim   | Vaksdal    | 2 | Tak, golv, inngang, toalettområde mm. Jfr vedlegg  | Avslag           |
| Farnes ungdomslag      | Årdal      | 1 | Toaletta   | 223 000          |
| <b>Total sum</b>       |            |   |  | <b>6 288 000</b> |

2. Følgjande er ikkje godkjente søknader om tilskot til kulturbygg 2020, då dei ikkje stettar krava i retningslinjene:

| Søklar                                | Kommune    | Pri | Tiltak  | Status         |
|---------------------------------------|------------|-----|---|----------------|
| Bergens kunstforening                 | Bergen     | 1   | Forprosjekt tilgjengelighet                       | Ikkje godkjent |
| Lavikdal ungdomslag                   | Høyanger   | 0   | Sikringsskap                                      | Ikkje godkjent |
| Folkets hus                           | Kvam       | 3   | Kjøkken   | Ikkje godkjent |
| Uskedal ungdomslag                    | Kvinnherad | 1   | 5 tiltak på Helgheim, ungdomslagshus ved Helgheim | Ikkje godkjent |
| Hafslo bedehus                        | Luster     | 2   | Ombygging for å få på plass handikaptaolett       | Ikkje godkjent |
| Honningsvåg grendalag                 | Stad       | 0   | Nytt Kjøkken                                      | Ikkje godkjent |
| Sunnfjord kommune                     | Sunnfjord  | 8   | 3 tiltak på Gamlebanken ved Gamlebanken           | Ikkje godkjent |
| Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus | Ullensvang | 1   | Sentralbadet                                      | Ikkje godkjent |
| Kysnes ungdomshus                     | Ullensvang | 0   | mur/ny mur  | Ikkje godkjent |

3. Det vert sett av 107 949 kr til klagehandsaming.

Det vert vist til vedlegg med oversikt over søkjarar for meir informasjon om tiltaka.

#### Samandrag

Det er i 2020 kome inn i alt 55 søknader om tilskot til kulturbygg i Vestland. 46 av søknadene er godkjent av fylkeskommunen, då dei stettar krava i tilskotsordninga. Godkjent søknadssum er på 27 616 575 kr, og det er i alt 6 395 949 kr til fordeling mellom søkjarane.

Fylkesdirektøren tilrår å nytte spelemidlar fordelt av Kulturdepartementet, samt inndregne midlar, rentemidlar og midlar sett av til klagehandsaming frå 2019 frå dei to tidlegare fylkeskommunane. Det vert også sett av midlar til eventuell klagehandsaming. Midlane til fordeling gjennom tilskotsordninga er langt unna å fylla behovet, og fylkesdirektøren har gjennom tilrådinga lagt ei streng prioritering til grunn knytt mot vurderingskriteria fastsett i retningslinjene for ordninga.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef kunst- og kulturutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.*

#### Vedlegg

- 1 Tilråding og grunngjeving, tilskot kulturbygg 2020 - vedlegg til PS
2. E-post frå Kulturdepartementet: «Tildeling av spillemidler til Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg»

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom spelemidlane, og blir fordelt av fylkeskommunane.

Speleoverskotet til Norsk Tipping AS 2019 vart fordelt i statsråd 7. mai, og fylkeskommunane fekk e-post frå Kulturdepartementet om fordelinga til kulturbygg 15. mai 2020. Det vart av departementet vedtatt å fordele 55 millionar til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Her er den fylkesvise fordelinga:

|                      |           |
|----------------------|-----------|
| Viken                | 9 584 679 |
| Oslo                 | 6 017 472 |
| Innlandet            | 4 479 914 |
| Vestfold og Telemark | 4 477 273 |
| Agder                | 3 778 432 |
| Rogaland             | 4 780 022 |
| Vestland             | 5 952 668 |
| Møre og Romsdal      | 3 508 937 |
| Trøndelag            | 4 982 049 |
| Nordland             | 3 559 900 |
| Troms og Finnmark    | 3 878 654 |

Kommunane set eigne lokale søknadsfristar til tilskotsordninga. Alle søknader går via anleggsregisteret.no, og kommunane i Vestland har frist til 30. april med å gå gjennom og sende vidare søknader som er funne i orden til fylkeskommunen. Ved fristen 30. april var det registrert 56 søknader om tilskot til kulturbygg i anleggsregisteret. To av søknadene vart trekte etter søknadsfristen, og ein ny søknad vart lagt inn då denne først var feilregistrert og knytt mot eit anna fylke. Det var totalt 39 nye, 4 gjentekne og 12 fornya søknader ved årets søknadsrunde.

Fylkeskommunen handsamar søknadene etter at dei er sendt over frå kommunane for å sjå om dei støttar krava i retningslinjene for ordninga. Alle kommunar med søknader som inneheld manglar blir kontakta undervegs for å kunne rette opp i søknadene, og mange av desse blir endeleg godkjent etter denne runden. I 2020 vart i alt 46 av 55 innsendte søknader godkjent og sett som «formelt i orden» i anleggsregisteret.

Trass i at mange søknader er godkjent i anleggsregisteret er det forholdsvis få som blir tilrådd tilskot. Dette grunna tronge økonomiske rammer i ordninga. I 2020 er det godkjent søknader for 27 616 575 kr, medan det berre er 6 395 949 kr til fordeling. Av i alt 46 godkjente søknader er 17 tilrådd tilskot. Ein del av løyvingane vil vere fleirårige, der heile søknadssummen er godkjent, men der tildelinga blir gjort over fleire år. På denne måten ønskjer fylkesdirektøren å kunne gje støtte til fleire tiltak i 2020, framfor nokre færre med høg søknadssum.

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutvalet i 2020 også tildeler inndregne midlar og rentemidlar i Hordaland og Sogn og Fjordane frå 2019, i tillegg til spelemidlane frå Kulturdepartementet. Dette har vore praksis i dei to tidlegare fylkeskommunane. Inndregne midlar er frå kulturbygg som ikkje har rett på å få heile tilskotet utbetalt, t.d. fordi tiltaket har hatt lågare kostnader enn budsjettert. Rentemidlane er midlar frå bankkontiane der spelemidlane til kulturbygg er plassert fram til dei blir utbetalt til mottakarane. Hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane sette i 2019 også av 76 640 kr til eventuell klagehandsaming. Det var ikkje klager på tildelinga i 2019, og desse midlane er derfor tilgjengelege. Fylkesdirektøren rår til at det i 2020 blir sett av 107 949 kr til eventuell klagehandsaming

### Føremål med ordninga

Tilskota skal bidra til eigna lokale, bygningar og arenaer ute som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur,

som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

**Generelt:**

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

|   |                     |
|---|---------------------|
| Til fordeling frå Kulturdepartementet 2020: | 5 952 668 kr        |
| Inndregne midlar Sogn og Fjordane 2019:     | 140 000 kr          |
| Rentemidlar Sogn og Fjordane 2019:          | 87 563 kr           |
| Inndregne midlar Hordaland 2019:            | 35 000 kr           |
| Rentemidlar Hordaland 2019:                 | 104 078 kr          |
| Klagemidlar frå Sogn og Fjordane 2019:      | 76 640 kr           |
| <b>Totale midlar til fordeling 2020:</b>    | <b>6 395 949 kr</b> |

**Avsett til evt. klagehandsaming: 107 949 kr**

Søknadsfrist for kommunane 2020: 30. april (lokale fristar for søkjarar)  
 Vedtak kriteria / retningslinjer: [21. januar 2020](#)  
 Kriteria og informasjon om ordninga: [Nettsida vestlandfylke.no](http://Nettsida.vestlandfylke.no)

|  |               |
|--|---------------|
| Tal på søknadar totalt:                      | 55 søknader   |
| Tal på godkjente søknader:                   | 46 søknader   |
| Tal på søknadar som er innstilt for tilskot: | 17 søknader   |
| Samla godkjent søknadssum:                   | 27 616 575 kr |

**Tilrådd til fordeling: 6 288 000 kr**

**Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga:**

Søknadene i år kjem frå bygg med ulik storleik, funksjon og eigarskap. Mange av søknadene er frå frivillige lag, ein stor del frå kommunar og nokre færre frå stiftingar o.l. Tiltaka i årets søknader er i hovudsak rehabilitering og modernisering. Nokre få av tiltaka gjeld nybygg. Fylkesdirektøren har lagt ei streng prioritering til grunn for innstillinga, då det er godkjent søknader for 27 616 575 kr, medan det berre er totalt 6 395 949 kr til fordeling.

Det er sett ned kriterium for vurdering av søknadene i retningslinjene for tilskotsordninga. I denne saka har vi valt å gje kriteria bokstavar som det blir referert til i grunngjevinga (vedlegg), og som vi viser til i saksframlegget vidare. Vurderingskriteria er som følgjer:

- Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar vert prioritert.
- Kulturbygg med regionale funksjonar har prioritet.
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd.
- Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- Geografisk breidde i tildelingane.
- Gjentekne søknadar som er godkjent i anleggsregisteret, men har fått avslag tidlegare grunna manglande rammer.

Enkelte av søknadene som er tilrådd støtte i 2020 er såkalla «gjentekne» søknader. Dette er godkjente søknader som har fått innvilga støtte tidlegare år, men der løyvinga er fordelt over fleire år. Dette gjeld søknadene frå:

- Gunnar S. Galleri i Høyanger (godkjent for 1,5 millionar kr i 2018, med tilsegn over fleire år)
- Eikefjord skule/kulturscene i Kinn kommune (godkjent for 1,5 millionar kr i 2019, med tilsegn over fleire år)
- Samlingshuset Kongshall i Osterøy kommune (godkjent for 1 339 000 i 2018, med tilsegn over fleire år)

- Sogndal kulturhus (godkjent for 2, 025 millionar kr i 2019, med tilsegn over fleire år)

I tillegg til dei «gjentekne» er enkelte også såkalla «fornya» søknader. Dette er søknader som er godkjent av fylkeskommunen tidlegare år, men der det ikkje vart løyvd tilskot grunna manglande midlar. Fylkesdirektøren innstiller på å løyve midlar til mange av dei fornya søknadene i 2020, då dette er eit av vurderingskriteria i retningslinjene (punkt f).

I vurderingskriteria er det m.a. slått fast at «Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar vert prioritert» (punkt a) og at «Kulturbygg med regionale funksjonar har prioritet.» (punkt b). Fire av dei godkjente søknadene i 2020 er frå kulturbygg eller museum med regional funksjon:

- Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS søker om 710 000 kr.
- Sunnfjord kommune / Førdehuset søker om 330 000 kr.
- Sogndal kommune / Sogndal kulturhus søker om 2,025 millionar kr.
- Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum søker om 1,5 millionar kr.

Fylkesdirektøren innstiller på å løyve midlar til Sogndal kulturhus. Søknaden frå Sogndal kommune er ein «gjenteken» søknad, og har dermed rett på tilskot fram til heile den godkjente søknadssummen er tildelt. Fylkesdirektøren tilrår avslag på søknadene frå dei tre andre søkerane, som alle har ein regional funksjon. Dette for å kunne prioritere nokre fleire lokale kulturbygg innanfor dei tronge økonomiske rammene i ordninga.

Fylkestinget vedtok i møte 9. juni å be fylkesrådmannen om å «opprette ein budsjettpost under avdeling for kultur, idrett og inkludering til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021.» Hovudutval for kultur, idrett og integrering og fylkesutvalet skal handsame retningslinjer for ei tilskotsordning for kulturarenaer med regionale funksjonar i møta 16. og 17. september. Målet er å lyse ut ei ordning hausten 2020 med vedtak om tilskot som del av budsjett for 2021. Dei tre ovannemnte søknadene vil, etter fylkesdirektøren si vurdering, kunne søkje om tilskot via ei tilskotsordning til regionale kulturarenaer.

I prioriteringane vidare har fylkesdirektøren lagt kriteria om «Geografisk breidde i tildelingane» (punkt e) og å «Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd» (punkt c) spesielt til grunn. Det er godkjente søknader frå i alt 22 kommunar, og fylkesdirektøren innstiller på å løyve midlar til tiltak i 15 av desse. Fylkesdirektøren innstiller på å løyve midlar til eitt tiltak i kvar av desse kommunane, med unntak av Sunnfjord kommune og Kinn kommune som har høvesvis sju og fem godkjente søknader, der fleire av desse er «fornya» eller «gjentekne». Fylkesdirektøren innstiller på å følgje dei kommunale prioriteringane i innstillinga om tilskot.

Fylkesdirektøren innstiller på avslag på søknader som gjeld bibliotek. Dette grunna tronge rammer i ordninga og fordi vurderingskriteria vektlegg å støtte «Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar» (punkt a). Bibliotek er elles ei lovpålagt oppgåve for kommunane, og dermed ei kommunal oppgåve å finansiere.

Fylkesdirektøren ser gjennom årets søknadsrunde at det er ei kraftig underfinansiering av kulturbygg med dagens spelemiddelordning. Svært mange av dei godkjente søknadene er tilrådd avslag, og det vil vere vanskeleg å finne rom for tilskot til desse i åra framover om fordelinga via Kulturdepartementet ligg på same nivå som i dag. Dette kan medføre at mange prosjekt risikerer å bli sett på vent eller i verste fall ikkje blir realiserte. Taparen er det lokal kulturlivet, som får dårlegare arenaer for innøving og utøving av teater, dans, kunst og musikk.

### **Absolutte kriteria**

Utdrag frå retningslinjene for tilskot til kulturbygg i Vestland:

#### **1.2. Vilkår for tilskot**

Lokala må vere planlagt ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturhusa bør lokalisert sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.

Bygningane skal i størst mogeleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

#### **1.3. Utforming**

Bygg som mottek tilskot skal utførast i samsvar med dei til kvar ei tid gjeldande reglar i plan- og bygningslova, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningslova.

## 2.5. Kven kan søkje:

Søklarar om tilskot til kulturbygg kan vere:

- Kommunar, kommunale føretak og fylkeskommune
- Frivillige lag og organisasjonar
- Aksjeselskap (AS), allmennaksjeselskap (ASA), samvirkeføretak (SA) og andre selskap med avgrensa ansvar (BA)
- Stiftingar
- Andre samanslutningar

Det vert ikkje opna for å gje tilskot til tiltak eller organisasjonar der føremålet er organisasjonen eller privatpersonar si eiga økonomiske vinning. Går eit kulturbygg med overskot skal overskotet nyttast til vidare drift eller vidare investering i kulturbygget.

## 2.10. Følgjande vedlegg skal følgje søknad:

- Dokumentasjon på kven som er eigar av tiltaket/ bygget, jf. punkt 2.8.3.
- Vedtekter for bruken av lokale/bygning/arena.
- Framdriftsplan for tiltaket.
- Skriftleg presentasjon av tiltaket, inkludert ei behovsvurdering.
- Teikningar av bygget/lokala inkl. ev. etasjar som ikkje er omfatta av tiltaket i søknaden. Teikningane skal ha rette mål og mål skal vere oppgjevne. Alle teikningar skal ha tittelfelt som inneheld skildrande namn (plan/fasade/snitt etc.), dato / revisjonsdato og målestokk.
- Detaljert kostnadsoverslag for tiltaket. Administrasjonskostnader, medrekna utgifter til revisjon, kan maksimalt utgjere 5 % av godkjend totalkostnad.
- Finansieringsplan. Denne skal gjere greie for finansieringa av dei samla kostnadane med tiltaket. Alle søknader skal vere fullfinansiert. Dokumentasjon på finansiering må ligge ved søknaden, med unntak av for midlar frå kulturbyggordninga.

## Vurderingskriteria

### 2.1. Fylkeskommunale prioriteringar:

Følgjande søknadar blir prioritert ved tildeling av midlar:

Lokale arenaer som t.d. grendahus, forsamlingshus og ungdomshus som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioritert. Behovsvurderinga av dei lokale arenaene som vert gjort av søkjar og kommune må dokumentere at kulturaktivitet er ein vesentleg del av drifta.

Kulturbygg med regionale funksjonar med verdi, storleik og/eller nedslagsfelt som kan dekke behov ut over kommunegrensene har også prioritet. Vestland fylkeskommune klassifiserer kva som er kulturbygg med regionale funksjonar. Lokala skal vere planlagd ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar.

Følgjande vert lagt vekt på ved tildeling av midlar:

- Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar vert prioritert.
- Kulturbygg med regionale funksjonar har prioritet.
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd.
- Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- Geografisk breidde i tildelingane.
- Gjenteke søknadar som er godkjent i anleggsregisteret, men har fått avslag tidlegare grunna manglande rammer.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Spelemidlane blir fordelt av Kulturdepartementet, og fylkeskommunane har delegert mynde til å fordele vidare midlar innan ordninga desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg.

**Klima:** Mottakarar av tilskot til kulturbygg må gjennomføre tiltak i tråd med gjeldande lovreglar i plan- og bygningslova, som mellom anna set krav som gjeld klima og miljø.

**Folkehelse:** *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.



**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

#### Konklusjon

Kunst- og kulturlivet i lokalsamfunna i Vestland treng gode arenaer for å vekse og blomstre. Tilskot til kulturbygg i Vestland er med å realisere viktige tiltak knytt til modernisering av kulturarenaene. Det er i 2020 godkjent 46 søknader frå kulturbygg med søknadssum på i alt 27 616 575 kr. Fylkesdirektøren innstiller på å løyve tilskot på 6 288 000 kr til i alt 17 tiltak. Fylkesdirektøren er uroleg over underfinansieringa av kulturbygg via Kulturdepartementet si fordeling av spelemidlar, og vonar Regjeringa og Stortinget aukar tilskotet til kulturbygg i åra framover.